



Statens vegvesen

FITJAR KOMMUNE

Postboks 83

5418 FITJAR

Behandlande eining:
Transport og samfunn

Sakshandsamar/telefon:
Sigmund Bødal / 45611029

Vår referanse:
23/128524-2

Dykkar referanse:
2022/1295

Vår dato:
10.08.2023

Uttale – Kommuneplanen sin arealdel – Fitjar kommune – Høyring

Vi viser til brev i frå Fitjar kommune av 06.07.23 med rullering av kommuneplanen sin arealdel, med planprogram på høyring.

Fitjar kommune vedtok planstrategi sin planstrategi 30.09.20. Saman med Plan og bygningslova legg dette grunnlaget for ei rullering av kommuneplanen sin arealdel. Kommuneplanen vart førre gong handsama i 2012. Det er soleis trong for å ta denne eller delar av han opp til ny vurdering. Planprogrammet som no er lagt ut til offentleg ettersyn legg føringar for kva oppgåver som skal vurderast/prioriterast denne gongen.

Planprogrammet gjer greie for dei nasjonale og regionale føringane som ligg til grunn for planprogrammet. Her er står mellom anna Regional transportplan 2022–2033 sentralt. Vi gjer merksam på at Nasjonal transportplan vil vere av betydning for kommunen all den tid E-39 har sin trase fram til Sandvikvåg. Videre er sentrale planar slik som nasjonale retningsliner for samordna bustad –areal og transportplanlegging eit viktig dokument som vil ha mykje å seie for utviklinga av kommunen. Elles legg planane i større grad enn tidlegare vekt på klima og miljø som er viktig å ha med seg i vurdering av samferdselutfordringar for framtida.

I kapitel 5 går kommunen gjennom viktige tema og vurderingar av desse mot framtida i Fitjar kommune. I høve samferdsel som Statens vegvesen er representant for, er viktige tema vidareutvikling av Fitjar sentrum er eit sentralt moment saman med fokus på ny bustadbygging. Næring og områder for fritidsbustadar er eit tema som planprogrammet naturleg nok tek med. Vi ser svært positivt på at ein under punkt 5.11 tek opp å tema med å utvikle eit effektiv og berekraftig transportsystem.

Postadresse
Statens vegvesen
Transport og samfunn
Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Fakturamottak DFØ
Postboks 4710 Torgarden
7468 Trondheim

Statens vegvesen ser at det er gjort et grundig arbeid med framstilling av planprogrammet som no er på høyring. Vi har særleg fokus på dette som gjeld effektiv ferdsle, trafikktryggleik og miljøtilpassing. For et mindre klimaavtrykk når det gjelder samferdsel er det viktig at ein ser nye bustadområde i samband med allereie eksisterande service og tenestetilbod i kommunen. Det er viktigare å fortette eller eventuelt utvide eksisterande bustadområde framfor å etablere nye felt i distanse til viktige daglege funksjoner. Her vil Fitjar sentrum med omkringliggende område vere eit godt utgangspunkt for vidare utvikling. Utbygging som medfører kortare reiser både til arbeid, skule og barnehage medfører mindre klima avtrykk. Ved å utnytte bustadpotensiale nært sentrum vil dette også bety kortare strekning med til dømes fortau og gang og sykkelveg som må etablerast. Utvikling av bustad og næringsområde nær sentrum vil i større grad kunne etablere trafikktrygge omgjevnadar med effektive og sikre ferdselsårer. Utvikling av sentrumsområdet bør også sjåast i samanheng med utvikling av kollektivtilbod som eksisterer både i Fitjar og Stord kommune.

Statens vegvesen vurderer at planprogrammet inneheld mang viktige og gode moment for framtidig arbeid med arealplanen i kommunen. Vi har peika på ovanfor sentrale trafikale moment i planprogrammet som går på mjuke trafikantar sine moglegheiter for trygg og effektiv ferdsle, samt utvikling av bustad og næringsområde der samferdsel setter eit lågare klimaavtrykk enn i dag. Vi ønskjer kommunen lykke til med det vidare arbeidet med planprogrammet og ser fram til å ta del i arbeidet med arealplanen når den tida kjem.

Transport-vest/Transportforvaltning Vest 3
Med helsing

Olav B Aga
Fungerande seksjonsleiar

Sigmund Bødal
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
STATSFORVALTAREN I VESTLAND, Njøsavegen 2, 6863 LEIKANGER
VESTLAND FYLKESKOMMUNE INFRASTRUKTUR OG VEG BERGEN, Postboks 7900, 5020
BERGEN